

[Skriv her]



## ÅRSMELDING 2022/23



Sogn og Fjordane Friidrettskrins var representert med tre utøvarar i under EM i terrengløp i Brussel i 2023. Desse var Eivind Øygard (Jølster IL), Marte Hovland (Vik IL) og August Da Silva Sveen (Jotun IL).  
Foto: Finn Kollstad

## Innholdsregister:

Sakliste	side 3
Sakshandsaming/innstillingar	side 4-6
Tillitsvalde SFFIK	side 7
Årsmelding frå styret 2022/23	side 7-18
Rekneskap 2020/21	side 19
Melding frå kontrollutvalget	side 21
Resultat over 1000p J/G 2022/23	side 22

**KRINSTINGET**  
**Søndag 07.04.2024**

**Tinget opnar kl. 17.00**

**Møtestad: Skei Hotell**

**Saklista til friidrettstinget.**

- Sak 1 Opning av tinget**
- Sak 2 Godkjenning av fullmaktene**
- Sak 3 Konstituering av tinget**
- Sak 4 Årsmelding 2022/23**
- Sak 5 Rekneskap 2022/23**
- Sak 6 Støtte til klubbar med utøvarar på rekruttlandslag**
- Sak 7 Krinskontingent 2024**
- Sak 8 Krinskontingent 2025**
- Sak 9 Budsjett 2024**
- Sak 10 Budsjett 2025**
- Sak 11 Val etter lova for SFFIK**
- Sak 12 Handlingsprogram for SFFIK 2024-2026**
- Sak 13 Tid og stad for neste friidrettsting**
- Sak 14 Utdeling av prisar**
- Sak 15 Avslutning**

### **Sak 1. OPNING AV TINGET**

Opnings- og helsingstaler.

### **Sak 2. GODKJENNING AV FULLMAKTENE**

Krinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner fullmaktene.

### **Sak 3. KONSTITUERING AV TINGET**

#### **A) Saklista.**

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner utsende sakliste.

#### **B) Forretningsorden til tinget.**

Styret sitt framlegg til Friidrettskrinstinget:

Friidrettskrinstinget godkjenner følgjande forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 vald dirigent. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.
2. Ønsker ein representant ordet, varslar han dirigenten om det ved å løfte tildelt nummerlapp. Ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå utsendingane sin tilviste plass i møtesalen.
3. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida for innleiingsforedrag om saker med framlegg til vedtak i saklista, vert sett til maksimum 15 minuttar. Taletida elles vert sett til 5 min. andre og tredje gongen. Representantar som krev ordet til forretningsorden har taletid i 1 minutt. Dirigenten har rett til å gjere framlegg om strek.
4. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram, etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til avrøysting.
5. Alle vedtak og val vert gjort med vanleg fleirtal, med dei unntak lova fastset. I alle val der det ligg føre meir enn eitt framlegg, vert det nytta skriftleg avrøysting. Alle andre avrøystingar vert gjort ved røysteteikn. Berre når dirigenten er i tvil, eller tinget krev det, vert det føreteke avrøysting ved namnoppprop.
6. I protokollen fører ein inn framlegg og vedtak, talet på røyster for og i mot dersom tinget krev det, og namnet på dei som hadde ordet i saka.
7. Protokollen vert underskriven av 2 valde representantar.

**C) Val av dirigent.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Som dirigent vert vald:

Johnny Solheimsnes, Jølster IL

**D) Val av sekretær.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Som sekretær vert vald: Kristin Hessvik, styret SFFIK

**E) Val av tellekorps.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Som tellekorps vert valde:

Aud Kari Isane, styret i SFFIK.

Asgeir Årdal, administrasjon i SFFIK.

**F) Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.**

To til å skrive under møteprotokollen:

**G) Val av redaksjonsnemnd.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Val av redaksjonsnemnd:

Ingeborg Tysnes, leiar

+ 2 repr etter framlegg frå tinget

**Sak 4. ÅRSMELDING 2022/23.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner årsmeldinga for 2022/23.

**Sak 5. REKNESKAP 2022/23.**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner rekneskapen for 2022/23.

**Sak 6. STØTTE TIL KLUBBAR MED UTØVARAR PÅ REKRUTTLANDSLAG**

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har årleg fleire utøvarar representerte på ulike landslag. Friidrettskrinsen ynskjer å leggje til rette for at kostnadane for utøvar/klubb blir så lite som mogleg i samband med dette.

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Sogn og Fjordane Friidrettskrins set av budsjettsum på inntil 40 000 kr for 2024 til å dekkje dokumenterte reiseutgifter og eigenandelar for utøvarar i samband med rekrutteringssamlingar per kalenderår. Dette gjeld også eigenandel som klubb får i samband med utøvarar som har delteke i internasjonale meisterskap. Laget til den aktive sender dokumentert oversyn til friidrettskrinsen innan utgangen av året. Styret får fullmakt til å fastsette budsjettsum til dette føremålet i 2025. Saka skal opp på nytt på tinget i 2026.

**Sak 7. KRINSKONTINGENT 2024**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret viderefører same gjeldande kontingentsats også i 2024.

**Sak 8. KRINSKONTINGENT 2025**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å fastsetje krinskontingent 2025.

**Sak 9. BUDSJETT 2024**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Friidrettstinget godkjenner budsjettforslaget for 2024.

**Sak 10. BUDSJETT 2025**

**Styret sitt framlegg til friidrettsinget:**

Styret får fullmakt til å vedta budsjett for 2025.

**Sak 11. VAL ETTER LOVA FOR SFFIK.**

**Sak 12. HANDLINGSPROGRAM SFFIK 2024-2026**

SFFIK har gjeldande handlingsprogram for kommande tingperiode basert på strategisk plan i NFIF. Styret har hatt revidering av handlingsprogram som styresak, men ynskjer at det nye krinsstyret skal få ekstern hjelp gjennom ein kretsprosess til utarbeiding av handlingsprogrammet. Styret ynskjer i samband med dette tilbakemeldingar frå tingdelegatane på kva som bør prioriterast av oppgåver i den komande tingperioden.

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å utarbeide handlingsplan for tingperioden.

**Sak 13. TID OG STAD FOR NESTE FRIIDRETTSTING**

**Styret sitt framlegg til friidrettstinget:**

Styret får fullmakt til å avgjere tid og stad for neste friidrettsting i 2026.

**Sak 14. UTDELING AV PRISAR**

**Sak 15. AVSLUTNING**

**ÅRSMELDING FOR SOGN OG FJORDANE FRIIDRETTSKRINS  
FOR PERIODEN 01.01.22 TIL 31.12.23.**

**TILLITSVALDE:**

**1.1 Styret:**

Leiar:	Ingeborg Tysnes	Dale IL
Nestleiar:	Aud Kari Isane	Balestrand IL
Styremedlem:	Øystein Støfring	Jølster IL – ungdomsrepr.
Styremedlem:	Kjell Olav Førde	Jølster IL
Styremedlem:	Kristin Hessvik	Florø T og IF.
1. vara	Ragnhild Fjærestad	Vik IL
2. vara	Merete Moen	Jotun IL
Vara ungdomsrepr:	Mathias Reksten Dale	Breimsbygda IL

<b>KONTROLLUTVAL:</b>	Jøran Laukeland	Førde IL
	Sigmund Moldestad	Førde IL
1.vara:	Bjørn Magne Kleppenes	Førde IL

**VALNEMND:**

Leiar:	Håkon Løseth	Førde IL
Medlem:	Merete Helgheim	Førde IL
Medlem:	Reidar Moldestad	Breimsbygda IL

**DOMMARUTVAL**

Leiar:	Dagfinn Nyhammer	Fjellhug/Vereide IL
Medlem:	Eigil Instebø	Førde IL
Medlem:	Hans-Petter Galtung	Olden IL
Personlege vara:	Ole Perry Lødemel	Hornindal IL
	Joar Sunde	Olden IL

**Representant på ledermøte og høstmøte i NFIF**

Leiar i styret :	Representant
Nestleiar i styret :	Vararepresentant

**UTSENDINGAR TIL FORBUNDSTINGET I NFIF:**

Leiar, nestleiar med øvrige styremedlemmer som vara.

**1 Møter:**

**1.1 Styremøter:**

Det vart avvikla i alt sju styremøter i tingperioden. Det har vore god kommunikasjon mellom styret og administrasjon via e-post, teams, og telefon på driftsoppgåver og aktuelle saker.

**1.2 Viktige saker som styret/administrasjon har arbeidd med:**

Økonomi/Budsjett  
Krinskontingent  
Handlingsprogram  
Arrangement  
Krinsamlingar

Friidrettsturnè  
Idrettens Møteplass  
Utstyrprosjekt  
LERØY-leikane med samlingar  
Fordeling av særkretstilskot frå Vestland Idrettskrets  
Fellesidrettslege saker med andre særkrinsar/idrettskrins  
Terminlistearbeid-eigen og samordning med andre idrettar  
Rådgeving i anleggssaker

### **Omtale av dei viktigaste sakene:**

#### **Økonomi/Budsjett**

Krinsen har god økonomi og god egenkapital, det har difor ikkje vore utfordringar knytt til økonomi i tingperioden. Krinsen har sikre inntekter der dei viktigaste er krinskontingent, lisens, regionstilskot frå NFIF, særkrinstilskot frå Vestland Fylkeskommune og bingoinntekter.

#### **Handlingsprogram**

Forbundet sentralt har jobba fram felles mal for handlingsplaner for dei ulike friidrettskretsane. Frå 2022 følgjer Sogn og Fjordane Friidrettskrins dermed mal frå forbundet sentralt, men står sjølve fritt til å prioritere innhald i denne. Styret ynskjer å gjennomføre ein kretsprosess, der ein får ekstern hjelp til mellom anna handlingsprogramet. Fleire andre friidrettskretsar har hatt gode erfaringar med dette.

#### **Krinssamlingar**

Vi har gjennomført fleire samlingar på tvers av klubbgrensene. Vi har gjennomført fleire treningssamlingar i Ulsteinhallen i samarbeid med Møre og Romsdal Friidrettskrets – eit samarbeid vi set stor pris på. Vi har nytta oss av kompetansen ute i klubbane som trenarar, i tillegg hatt god hjelp frå Eivind Øygard med fleire. Friidrettskrinsen gjennomførte i februar 2023 treningsleir i Portugal.

#### **Friidrettsturne**

I 2019 starta krinsen opp med friidrettsturne. Bakgrunnen for tiltaket var å auke aktiviteten ute i medlemslaga våre – gjerne der aktiviteten har vore nede i ein bølgedal. Dette har vore ein suksess, og vil bli prioritert også i åra som kjem.

#### **Idrettens Møteplass**

Vestland Idrettskrets arrangerer Idrettens Møteplass, og Sogn og Fjordane Friidrettskrins er ein del av dette saman med orienteringskrinsen og skikrinsen. Her inviterer vi til haustmøte, der alle medlemslaga våre er velkomne. Dette vart gjennomført i 2022, medan Vestland Idrettskrets ikkje arrangerte Idrettens Møteplass i 2023. Friidrettskrinsen gjennomførte difor eit eige digitalt Haustmøte hausten 2023.

#### **Utstyrprosjekt**

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har gjennom tingperioden fått støtte både av Vestland Idrettskrets og Sparebankstiftinga. Midlane skal gå til innkjøp av nytt tidtakarutstyr på bane, samt tre tidtakarstasjonar til tidtaking på mosjonsløp/motbakkeløp. Dette er utstyr som medlemslaga kan nytte fritt, og som vil ta ned kostnadane for klubbane ved å arrangere slike arrangement.



### **LERØY-leikane med samlingar**

Krinsen har hatt lag i krinskonkurransen som er initiert av NFIF der ein begge åra i tingperioden har hatt lag til LERØY-leikane på Byrkjelo for 13 og 14 åringane. Lagkonkurransen er mot Hordaland, Rogaland og Innlandet. I 2022 vart Sogn og Fjordane sitt lag nr. 2, medan i 2023 vart laget frå Sogn og Fjordane nr. 3.



Sogn og Fjordane sin tropp under LERØY-leikanepå Byrkjelo i 2022.

Foto: Asgeir Årdal

### **Fordeling av særkretstilskot frå Vestland Idrettskrets**

Etter at Sogn og Fjordane Idrettskrins og Hordaland Idrettskrets vart slegne saman til Vestland Idrettskrets skal friidrettskretsane i dei to kretsane fordele sitt tilskot seg i mellom. Det har vore fleire møter med Hordaland for å bli einige om denne fordelinga.

### **Fellesidrettslege saker med andre særkrinsar/idrettskrins**

Krinsen har vore representert både administrativt og politisk på ulike fellesidrettslege møte i hovudsak i regi av Vestland Idrettskrets.

### **Terminlistearbeid-eigen og samordning med andre idrettar**

Det er nettbasert løysing for stemnesøknader og terminliste. Isonen blir brukt for alle konkurransar på bane, medan EQ-timing er arrangementsløysinga som blir brukt for arrangement utanfor bane. Dette gjev meir fleksibilitet men samstundes utfordringar med å få inn søknader i god tid slik at ein får ei god terminliste utan uheldige kollisjonar. Stort sett har ein klart å unngå kollisjonar på løp utanfor bane der det er mest arrangement i ein kort sommarsesong. Terminlistemøtet i samband med Idrettens Møteplass har bidrege til dette.

### **Rådgjeving i anleggssaker**

Krinsen har jamleg kontakt med klubbar som ynskjer hjelp i samband med utarbeiding av nye anlegg, eller oppgradering av eksisterande anlegg. Vi har eit godt samarbeid med Vestland Idrettskrets, som også bistår oss i saker knytt til anlegg.

### **Rådgeving og møte knytt til hall for friidrett i fylket.**

I friidrettskrinsen si handlingsplan er det gjeve tydeleg signal om at ein skal arbeide for å få bygd ein hall med rundløpsbane med fast doserte svingar. I konseptet Førde Arena er det teikna inn slike fasilitetar for friidrett, og slik vi ser det er desse planane realistiske å få til. Friidrettskrinsne er ein av få friidrettskretsar utan slike tilhøve, og det er framleis viktig å få dette på plass.

### **Friidrettens Dag/Friidrettsskular**

Dei ulike konseptane har vore nytta av klubbar over heile fylket med lokale tilpassingar. Gjennom desse tiltaka får klubbane mykje godt materiell som er tilbydd frå NFIF. Fleire av klubbane er flinke til å arrangere, og krinsen støttar ved behov.

### **Tinestafetten 2022/2023**

Deltakartalet på Tinestafetten for Sogn og Fjordane har vore ca 3000 i 2022 og 2023.

## **2 Aktivitetstal, lag i Sogn og Fjordane Friidrettskrins:**

### **2.1 Idrettsregistreringa – aktivitetstal:**

Tala knytt til idrettsregistreringa er eit av dei viktigaste kriteriana i mange fordelingssaker. Det er difor viktig for friidretten i Sogn og Fjordane at alle friidrettsgruppene registrerer sin aktivitet via *Samordna Rapportering*. I Idrettsregistreringa skal det registrerast tal aktive medlemmer i dei ulike aldersgruppene og kjønn. Både dei som trenar, konkurrerer, eller på ein annan måte bidreg til aktivitet i idrettslaget, skal registrerast som aktive i den greina deira aktivitet er knytt til. Greiner i friidrett er:

1:Friidrett på bane. 2:Gang mosjon og turmarsj. 3:Løp utanfor bane. 4:Øvrig friidrett.

## Sogn og Fjordane Friidrettskrins - Friidrettstinget 2024

	2017	2018	2019	2020	2021	2022		2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Almenning Idrettslag</b>	66	67	2	39	23	22	<b>Jølster IL</b>	338	346	259	98	99	
<b>Aurland IL</b>	122	7	29	146	16	129	<b>Kaupanger IL</b>	8	129	1	0	7	28
<b>Balestrand IL</b>	311	93	91	82	80	63	<b>Kyrkjebø IL</b>	348	321	347	127	0	135
<b>Breimsbygda IL</b>	299	192	169	137	198	149	<b>Lavik IL</b>	43	15	25	17	2	9
<b>Brekke IL</b>	120	119	93	122	10	15	<b>Leirgulen IL</b>	6	1	96	140	98	52
<b>Bremanger IL</b>	6	7	7	1	1	2	<b>Loen IL</b>	173	180	188	186	0	UT
<b>Bulandet IL</b>	32	11	4	0	6	18	<b>Luster IL</b>	29	36	31	57	26	194
<b>Dale IL</b>	1	1	42	48	41	41	<b>Lærdal IL</b>	82	122	187	126	63	123
<b>Dalsøyra IL</b>	207	143	177	174	174	158	<b>Markane IL</b>	222	112	258	226	64	154
<b>Davik IL</b>	4	1	3	1	20	1	<b>Modig IL</b>	93	87	55	78	48	22
<b>Eid IL</b>	1	1	1	1	1	3	<b>Måløy IL</b>	2	1	3	4	4	27
<b>Eikefjord IL</b>	118	300	185	207	141	182	<b>Norddalsfjord IL</b>	17	12	1	1	2	2
<b>Eivindvik IL</b>	286	306	325	312	140	4	<b>Olden IL</b>	33	21	167	121	111	211
<b>Fanaråk IL</b>	82	83	66	86	17	79	<b>Oppstryn IL</b>	20	21	17	25	44	5
<b>Feios IL</b>	75	63	44	46	47	47	<b>Sandane Turn og Idrettslag</b>	118	114	99	83	53	145
<b>Fjellhug/Vereide IL</b>	202	353	472	399	239	229	<b>Selje IL</b>	3	3	3	3	2	4
<b>Fjærland IL</b>	46	42	28	33	27	36	<b>Sogndal IL</b>	15	200	1	15	7	11
<b>Florø Tog IF</b>	190	332	282	388	311	245	<b>Stadlandet IL</b>	33	36	52	13	15	85
<b>Førde IL</b>	521	525	559	454	515	488	<b>Stryn T og IL</b>	34	63	51	50	36	41
<b>Gaular IL</b>	184	93	24	23	49	54	<b>Studentsprett IL</b>	1	1	1	0	12	25
<b>Gloppen Friidrettslag</b>	79	98	1	62	11	41	<b>Stårheim IL</b>	22	24	26	26	17	30
<b>Hafslo IL</b>	63	4	5	11	11	11	<b>Svelgen T&amp;IF</b>	75	283	219	194	19	67
<b>Hardbagg IL</b>	181	93	89	79	104	79	<b>Svint IL</b>	28	24	24	11	36	45
<b>Haugen IL</b>	74	35	42	38	35	26	<b>Syril IL</b>	73	61	31	21	33	70
<b>Heia IL</b>	13	1	1	18	34	30	<b>Tambarskjelvar,IL</b>	108	108	99	74	70	94
<b>Hornindal IL</b>	92	119	103	94	128	74	<b>Vadheim IL</b>	55	78	53	47	1	43
<b>Hyen IL</b>	139	135	134	135	118	147	<b>Vik IL</b>	535	66	66	84	189	386
<b>Hyllestad IL</b>	15	1	7	7	10	5	<b>Vikane IL</b>	204	86	99	73	62	52
<b>Høyang,IL</b>	138	71	97	107	83	89	<b>Viksdalen IL</b>	79	228	1	0	1	87
<b>IL Bjørn</b>	219	174	185	5	13	20	<b>Von IL</b>	61	51	59	21	21	30
<b>IL Brodd</b>	251	278	202	218	117	205	<b>Ålfoten IL</b>	14	42	13	50	50	50
<b>Jotun IL</b>	127	47	112	161	83	187	<b>Årdalstangen IL</b>	2	10	82	27	13	16
								<b>7138</b>	<b>6677</b>	<b>6195</b>	<b>5632</b>	<b>4736</b>	<b>5257</b>

Aktivitetstala for 2023 er ikkje offentlege før august 2024.

**3 Utdanning:****3.1 Trenerutdanning:**

Det har blitt avvikla aktivitetsleiarkurs (friidrett for barn-kurs) i Naustdal og Florø, i tillegg til nettbasert kurs.

**4.2 Dommarutdanning:**

Det har vore gjennomført godkjenning/sertifisering av nye krinsdommarar og startarar. Det har blitt arrangert stararkurs på Skei og dommarkurs i Florø.

**5 Arrangert stemner i krinsen:****5.1 Viktige arrangert stemner i krinsen:**

Stemner:	2022	2023
KM bane alle klassar	Førde IL / SFFIK	Førde IL / SFFIK
NM halvmaraton	Fjellhug Vereide IL	

**7. Rekordar, resultat i internasjonale og nasjonale stemner:****7.1 Krinsrekordar:****Følgjande senior krinsrekordar vart sette i 2022:**

Slegge	Thomas Mardal	Gloppen FIL	74,28
--------	---------------	-------------	-------

**Følgjande senior krinsrekordar vart sette i 2023:**

Slegge	Thomas Mardal	Gloppen FIL	77,97
100 meter	Øyvind Strømmen Kjerpeset	Florø T og IF	10,39

**7.2 Resultat nasjonale og internasjonale meisterskap**

NASJONALE MEISTERSKAP – MEDALJAR					
<b>UM 2022, Trondheim</b>					
1	Mathias Reksten Dale	Breimsbygda IL	G18/19	Kule	17,06
1	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G15	1500mh	4.46,41
<b>Senior NM 2022, Stjørdal</b>					
2	Thomas Mardal	GFIL	MS	Slegge	72,95
3	Else Lundestad Bakkelid	GFIL	KS	Diskos	44,22
<b>Junior NM 2022, Bærum</b>					
1	Steffen Melheim	Olden	G18/19	Kule	17,29
1	Steffen Melheim	Olden	G18/19	Diskos	56,82

Sogn og Fjordane Friidrettskrins - Friidrettstinget 2024

2	Mathias Reksten Dale	Gloppen FIL	G18/19	Kule	16,90
2	Håkon Hjelle Roset	GFIL	G18/19	Slegge	54,65
<b>Nordisk meisterskap terrengløp, 2022</b>					
13	Marte Hovland	Vik IL	U20		
<b>NM terrengløp, 2022</b>					
1	Marte Hovland	Vik IL	J17		
<b>Senior NM 2023, Jessheim</b>					
1	Thomas Mardal	GFIL	MS	Slegge	76,92
2	Øyvind Strømmen Kjerpeset	Florø T og IF	MS	100m	10,39
2	Steffen Melheim	Olden IL	MS	Diskos	51,49
<b>Senior NM 2023 innandørs</b>					
Ingen medaljer					
<b>UM 2023, innandørs Ulsteinvik</b>					
1	Erlend Grytten Sunnarvik	Florø T og IF	G15	Tresteg	12,68
1	Erlend Grytten Sunnarvik	Florø T og IF	G15	Lengde	6,08
2	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	800m	1.57,16
2	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	1500m	3.59,78
3	Mathea Svalheim	STIL	J16	Høgde	1.45
<b>UM 2023, Fana stadion</b>					
1	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	800m	1.56,02
1	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	3000m	8.45,57
1	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	2000mh	6.16,39
1	Erlend Grytten Sunnarvik	Florø T og IF	G15	Lengde	6,28
1	Amanda Rørvik	Førde IL	J15	800m	2.19,13
1	Erlend Grytten Sunnarvik	Florø T og IF	G15	Tresteg	13,33
2	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	3000m	8.40,08
3	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	800m	1.58,08
3	Sigrid Støfringsdal	Jølster IL	J15	Slegge	34,37
3	Erlend Grytten Sunnarvik	Florø T og IF	G15	100m	11,27
<b>Jr.NM 2023, Sandnes</b>					
1	Mathias Reksten Dale	Breimsbygda	U20	Kule	14,44
3	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	5000m	14.56,03
3	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	800m	1.57,73
<b>NM terrengløp 2023, lang løype Oslo</b>					
2	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	4km	12,57
<b>NM terrengløp 2023, kort løype Grimstad</b>					
2	Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	2km	6,31
<b>NM motbakkeløp, 2023 Treungen</b>					
1	Geir Steig	Luster IL	MS		

Sogn og Fjordane Friidrettskrins - Friidrettstinget 2024

<b>INTERNASJONALE MEISTERSKAP - PLASSERINGAR</b>					
<b>VM friidrett, 2022 USA</b>					
Ikkje til finale	Thomas Mardal	GFIL	MS	Slegge	72,90
<b>U18 EM Jerusalem, 2022</b>					
9	Marte Hovland	Vik IL	U18	1500m	4.30,32
<b>EM friidrett, 2022 München</b>					
Ikkje til finale	Thomas Mardal	GFIL	MS	Slegge	68,56
<b>VM motbakkeløp, 2023 Austerrike</b>					
9	Karoline Holsen Kyte	Førde IL	KS		
<b>EM terrengløp, Brussel 2023</b>					
21	Eivind Øygard	Jølster IL	MS		
4 (lagkonk.)	Eivind Øygard	Jølster IL	MS		
46	Marte Hovland	Vik IL	U20		
77	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20		
<b>Nordisk meisterskap 2022, U20 Malmö</b>					
3	Mathias Reksten Dale	GFIL	U20	Kule	17,39
4	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	5000m	15.08,90
<b>VM friidrett, 2023 Ungarn</b>					
Ikkje til finale	Thomas Mardal	GFIL	MS	Slegge	73,13
<b>Nordisk meisterskap 2023 U20 Oslo</b>					
1	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	5000m	14.57,72
2	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	1500m	3.54,89
3	Marte Hovland	Vik IL	U20	1500m	4.27,05
<b>Nordisk meisterskap, terrengløp Reykjavik 2023</b>					
4	Eivind Øygard	Jølster IL	MS		
5	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20		
1 (lagkonk)	Eivind Øygard	Jølster IL	MS		
10	Marte Hovland	Vik IL	U20		
<b>Nordisk meisterskap, terrengløp Kristiansand 2022</b>					
13	Marte Hovland	Vik IL	U20		
<b>U20 EM Jerusalem, 2023</b>					
26	August Da Silva Sveen	Jotun IL	U20	5000m	15.40,53

Oversikt alle resultat meisterskap:

<https://www.friidrett.no/aktivitet/statistikk/norske-mesterskap-2/>

#### **7.4 Resultat over 1000 poeng for jenter/gutar 11-18 år.**

Oversikt over utøvarar har over 1000 poeng på Tyrvingtabellen i 2022 og 2023 følger i eigen tabell lenger ut i årsmeldinga.

#### **7.5 Veteranidretten.**

Veteranar frå Sogn og Fjordane har markert seg med medaljer og gode plasseringar i NM. I tillegg har utøvarar frå fylket delteke internasjonalt med flotte plasseringar. Krinsen har vore representert både på utandørs og innandørsmeisterkapa for veteranar. Det er også sett fleire nasjonale bestenoteringar i ulike veteranklassar i tingperioden.

### **8 Stipend og utmerkingar.**

#### **8.1 Idrettsstipend i tingperioden:**

Sogn og Fjordane Idrettskrins delte i 2022 og 2023 ut stipend til unge idrettsutøvarar i fylket, gjennom ordninga Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane. I 2022 fekk Marte Hovland (Vik IL) og Steffen Melheim (Olden IL) stipend, medan i 2023 fekk Åsmund Sunde Førde (Jølster IL), August Da Silva Sveen (Jotun IL) og Marte Hovland (Vik IL) alle stipend på 10 000,-kr.

#### **8.2 Vener av friidretten i Sogn og Fjordane:**

Der har ikkje vore aktivitet i stiftinga i denne tingperioden.

#### **Friidrettens venners ærespris:**

Beste 18 åring 2022:               Nikoline Thunem, GFIL (40,72, slegge)  
  August Da Silva Sveen, Jotun IL (14.49,24 5000m)

Beste 18 åring 2023:            Leif Magnus Grov Husevåg, GFIL (53,61, slegge)  
  Marte Hovland, Vik IL (4.27,05, 1500m)

### **9 Mottekne og løyvde midlar.**

#### **9.1 Mottekne ekstraordinære midlar.**

Ein har motteke gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i tingperioden. Ein har også motteke støtte både frå Vestland Fylkeskomme og Vestland Idrettskrets.

#### **9.2 Idrettsleg satsing / klubbtilskot.**

Krinsen har dekkja eigenandelar både i 2022 og 2023 på utøvarar som er uttekne på representasjonslag for NFIF der det vert kravd eigenandel.

## 10 Anlegg:

### 10.1 Oppfølging av anlegg.

Syrl har fått nytt kunststoffdekke klart, og det var offisiell opning 2022.

Generelt må anleggssituasjonen i fylket seiast å vere tilfredsstillande mht antal anlegg. Anlegget i Øvre Årdal kan ein karakterisere som i dårleg forfatning på grunn av slitasje og elde og treng rehabilitering. Anlegget på Byrkjelo har fått treng også oppgradering, sjølv om noko mindre utbetringar vart gjort i samband med LERØY-leikane i 2022 og 2023.

Når anleggssituasjonen er god er det viktig med auka fokus på vask og vedlikehald av kunststoffdekk slik at dei store investeringane som er gjort vert teke godt vare på. Det vil bidra til at ein aukar levetida på anlegga betydeleg og at behovet for rehabilitering dermed vert lenger fram i tid. Her har krinsen ei viktig rolle med rettleiing overfor idrettslag og anleggseigarar.

## 11 Representasjon - tillitsvalde og administrasjon:

### 11.1 Representasjon:

Følgande har representert SFFIK i ulike organ i 2022/23:

Forbundsting NFIF 2023:	Ingeborg Tysnes, Aud Kari Isane, Øystein Støfring.
Idrettskrinsting 2022.	Ingeborg Tysnes
Haustmøte/leiarmøte NFIF 2022/23:	Ingeborg Tysnes, Aud Kari Isane, Kristin Hessvik
Dagleg leiarmøte i NFIF:	Asgeir Årdal
Reiseleiar LERØY-leikane 2022/23:	Eivind Øygard, Asgeir Årdal.
Dommarseminar i NFIF 2022/23:	Dagfinn Nyhammer.
Støtteapparat NFIF ungdom/jun:	Jørund Årdal, Gloppen FIL

## 12 Økonomi:

### 12.1 Økonomisk utvikling:

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har styrka økonomien i inneverande tingperiode. Hovudårsakene er låg stillingsprosent i administrasjonen der ein har hatt 60% stilling i tingperioden, stabile inntekter på lisens, momskompensasjon, bingo, særkrinstilskot og krinskontingent.

Eigenkapitalen har ein bygd opp til eit tilfredsstillande nivå og ein har ein bra buffer for å møte tyngre tider økonomisk.

## 13 Oppsummering / Oppgåver i åra som kjem:

### 13.1 Oppsummering

Det har vore eit uttalt mål at ein skal arbeide for gode økonomiske rammvilkår for klubbane. Dei siste åra har styret i friidrettskrinsen saman med administrasjonen prøvd å gjort fleire grep for å lette arbeidet ute i klubbane. Vi har kjøpt inn tidtakarutstyr både på og utanfor bane, som medlemsklubbane kan nytte fritt. I tillegg har det i tingperioden vore sett av midlar i budsjettet til å dekkje utgifter som utøvarar/klubbar har i samband med landslagssamlingar og landslagsoppdrag. Vi har også fått løyvd 100 000 kr årleg i tre år frå Sparebanken Sogn og Fjordane, til reisestøtte til nasjonale meisterskap.



Det blir jobba kontinuerleg for at stemnetilbodet skal være så godt som mogleg. Spesielt viktig er det å få fleire stemne på bane for rekruttar for at fleire får prøvd friidretten mest mogeleg lokalt. Friidrettsturneèn er her eit verkemiddel for å betre dette. Her må ein også ha fokus på utdanning av både trenarar og dommarar slik at klubbane står godt rusta for å auke aktiviteten sin.

Utfordringane framover ligg i å få styrka mottaksapparatet i klubbane og få fleire med i aktivitet og konkurransar. Her er det viktig å ha eit utviklingsfokus med plass for alle utifrå dei ambisjonar ein har. Trivsel og miljø vil vere viktige faktorar for å lukkast med det. I samband med utdanning reiser mange ungdommar ut av fylket og her har klubbane og krinsen ei viktig oppgåve å bidra til at dei held fram med friidrett sjølv om dei ikkje lenger bur og trenar i eige fylke.

Talet på medlemslag i krinsen er stabilt. Lisensordninga som vart innført for mange år attende har i tillegg til inntekter også ført til at både arrangement og utøvarar er forsikra noko som mange ser på som tryggande. Vi har hatt saker der desse forsikringane som lisensen gjev har vorte brukte, noko som er ein tryggleik både for dei aktive og arrangørane våre når uforutsette ting skjer.

Medlems/aktivitetstal etter Idrettsregistreringa som føregår sentralt, viser at Sogn og Fjordane FIK ligg heilt på toppen nasjonalt i forhold til folketalet. Her har det likevel vore ein nedgang dei siste åra. Mosjonsaktiviteten er den som gjev størst volum og laga tilbyr aktivitet for ulike grupper utover tradisjonell friidrett. I eit folkehelseperspektiv er dette viktig og friidretten har tilbod om aktivitet for folk i alle aldrar kringom i heile fylket. Løp som mosjonsaktivitet har auka betydeleg dei siste åra nasjonalt og her bør vere rom for fleire mosjonstiltak i fylket.

Friidretten slit framleis med å ha eit etablert apparat i alle deler av fylket og dette må ein ha fokus på framover. Der vi har mottaksapparat i laga fungerer, får vi og god aktivitet. Dette arbeidet bør prioriterast høgt også i kommande tingperiode.

SFFIK har fått ein solid økonomi og har handlefridom til å gjennomføre tiltak på dei områda ein vil prioritere.

Krinsen må framleis ha eit stekt fokus på klubb utvikling, utdanning og oppfølging av av trenarar, dommarar og leiarar. Kombinert med anleggsutvikling gjev det grobotn for vidare utvikling av friidretten i fylket.

### 13.2 Nye oppgåver

Å styrke mottaksapparatet slik at alle som ynskjer å drive friidrett på ulikt nivå får eit tilbod, er framleis den viktigaste utfordringa vi har i friidretten. Her er utdanning og klubb utvikling eit viktig stikkord, og må prioriterast også i neste periode.

Koronapandemien gjorde det vanskelegare å gjennomføre fysiske kurs, men samstundes opna det seg opp moglegheiter for digitale møter og kurs – som ein også kan videreføre i framtida.

Utifrå dette ser styret dette som dei viktigaste oppgåvene framover:

- Auka fokus på utdanning av trenarar og dommarar.
- Utvikle friidrettsturneèn vidare
- Sikre vårt område med best mogeleg rammevilkår for friidretten.

- Arbeide for gode økonomiske rammevilkår for klubbar og krins.
- Auka fokus på treningsamlingar og fellestiltak i kretsregi.
- Auka fokus på klubb utvikling og klubbbesøk.
- Sikre at vedlikehald av eksisterande anlegg vert godt ivareteke.
- Legge til rette for fleire breiddetiltak i yngre årsklassar.
- Stimulere til bygging av nærmiljøanlegg for friidrett.
- Arbeide for etablering av fleiridrettshall med fast rundbane for friidrett

Styret vil rette ei stor takk til dagleg leiar som utfører eit fagleg godt arbeid med å utvikle friidrettskrinsen ved tilrettelegging og oppfølging av lag og utøvarar utfrå dei ressursar ein har. Det vert lagt ned eit betydeleg organisatorisk arbeid inn mot idrettskrinsen og friidrettsforbundet.

Vil takke alle tillitsvalgte, utøvarar og trenarar som ein har hatt eit godt samarbeid med gjennom tingperioden.

Styret i Sogn og Fjordane Friidrettskrins  
Ingeborg Tysnes  
-styreleiar-

## Sogn og Fjordane Friidrettskrins - Friidrettstinget 2024

	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
<b>INNETEKTER - Drift/administrasjon</b>		
NFIF - Regionstilskudd	205 397	191 296
NFIF - Startkont./ lisens	57 116	53 446
Tilskudd idrettskrets	70 195	65 840
Andre tilskudd	-	19 000
Lagskontingent	209 000	210 800
Bingoinntekter	72 991	67 181
Grasrotinntekt	26 165	34 869
Momskompensasjon	109 834	65 227
Andre inntekter	70	
Utstyrprosjekt	100 000	500 000
Ambulerande trenar	-	100 000
<b>Sum adm.inntekter</b>	<b>850 768</b>	<b>1 307 659</b>
<b>INNETEKTER - Aktivitet</b>		
Ungdomsaktivitet	69 192	57 400
Kretssamlinger	23 000	10 650
Friidrettsturne	13 300	25 000
KM	13 576	3 880
Treningsleir Portugal 2023/2024	85 350	
Utdanning	11 520	22 200
<b>Sum aktivitetsinntekter</b>	<b>215 938</b>	<b>119 130</b>
<b>SUM INNETEKTER</b>	<b>1 066 706</b>	<b>1 426 789</b>
<b>KOSTNADER - Drift/administrasjon</b>		
Personalkostnader	425 141	406 564
Driftskostnader	126 141	145 539
Tap på fordringer	2 300	
Kostnader styremøter	5 868	2 253
Kostnader krinsting		6 053
Kostnader andremøter / representasjon	11 538	15 778
Jubileum		64 093
Utstyrprosjekt	95 787	493 407
Ambulerande trenar	17 442	98 624
<b>Sum adm.kostnader</b>	<b>684 217</b>	<b>1 232 311</b>
<b>KOSTNADER - Aktivitet</b>		
Ungdomsaktivitet	79 415	52 198
Kretssamlinger	106 898	63 432
Friidrettsturne	55 383	26 175
KM	6 378	4 379
Treningsleir Portugal 2023/2024	198 541	
Utdanning	5 206	800
<b>Sum aktivitetskostnader</b>	<b>451 821</b>	<b>146 983</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>1 136 038</b>	<b>1 379 294</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-</b>	<b>47 494</b>
FINANSPOSTER	28 474	8 625
<b>RESULTAT ETTER FINANSPOSTER</b>	<b>-</b>	<b>56 120</b>

<b>Balanse</b>		
<b>Sogn og Fjordane Friidrettskrins</b>		
	<b>2023</b>	<b>2022</b>
<b>Eiendeler</b>		
<b>Fordringer</b>		
1500 Kundefordringer	46 000	42 400
1700 Forskuddsbetalte kostnader	48 694	
1750 Påløpte inntekt	14 764	78 907
<b>Sum fordringer</b>	<b>109 458</b>	<b>121 307</b>
1920 Bank Drift 07.08470	923 275	787 451
1921 Bank spare 61.10135	1 268 093	1 239 970
<b>Sum banklenskudd, kontanter og lignende</b>	<b>2 191 368</b>	<b>2 027 421</b>
<b>Sum Eiendeler</b>	<b>2 300 826</b>	<b>2 148 728</b>
<b>Egenkapital</b>		
2050 Annen egenkapital	1 936 035	1 879 915
Årets resultat	-40 857	56 120
<b>Sum Egenkapital</b>	<b>1 895 178</b>	<b>1 936 035</b>
2400 Leverandørgjeld	136 427	130 873
2960 Påløpt kostnad/forskuddsbet. inntekt	269 221	81 821
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>405 648</b>	<b>212 694</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>2 300 826</b>	<b>2 148 728</b>

Førde 12.03.24

*Ingeborg O. Tysnes*  
Ingeborg Tysnes  
Leder

*Aud Kari Isane*  
Aud Kari Isane  
Nestleder

*Kjell Olav Førde*  
Kjell Olav Førde  
Styremedlem

*Kristin Hessvik*  
Kristin Hessvik  
Styremedlem

*Øystein Støffing*  
Øystein Støffing  
Styremedlem

*Asgeir Ardal*  
Asgeir Ardal  
Dagleg leder

**HER MÅ MELDING FRÅ KONTROLLUTVALET INN**

## Resultat over 1000 poeng i Sogn og Fj. etter Tyrvingtabellen 2022

Navn	Klubb	Klasse	Øving	Resultat	Poeng
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G15	800m	1.57,51	1116
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G15	1000m	2.35,61	1092
Eline Lundmoen	Stårheim IL	J13	200m	26,64	1082
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G14	200m	23,87	1079
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G14	Lengde	6,12	1074
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G5	1500m	4.09,95	1070
Eline Lundmoen	Stårheim IL	J13	100m	12,99	1065
August Da Silva Sveen	Jotun IL	G18	5000m	14.49,24	1061
August Da Silva Sveen	Jotun IL	G18	1500m	3.53.51	1059
Eline Lundmoen	Stårheim IL	J13	60m	8,19	1056
August Da Silva Sveen	Jotun IL	G18	3000m	8.31,51	1049
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G14	60m	7,57	1048
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G14	Tresteg	10,39	1039
David Engesæter	Førde IL	G14	600m	1.30,06	1024
David Engesæter	Førde IL	G14	1500m	4.24,56	1024
Christoffer Da Silva Vamråk	Jotun IL	G16	1000m	2.37,03	1021
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G15	1500m hinder	4.46,47	1008

## Resultat over 1000 poeng i Sogn og Fj. etter Tyrvingtabellen 2023

Navn	Klubb	Klasse	Øving	Resultat	Poeng
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	1500m	3.53,58	1128
Ulrik Andre Thunem	GFIL	G13	Slegge	48,26	1112
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G15	200m	22,95	1089
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G15	100m	11,44	1086
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	3000m	8.40,08	1086
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G15	Lengde	6,53	1076
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G16	800m	1.56,02	1072
Marte Hovland	Vik IL	J18	1500m	4.27,05	1059
Eline Lundmoen	Stårheim IL	J14	60m	8,09	1043
Eline Lundmoen	Stårheim IL	J14	100m	12,84	1041
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G15	60m	7,42	1035
Marte Hovland	Vik IL	J18	3000m	9.55,16	1027
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G15	Tresteg	13,26	1026
Amanda Rørvik	Førde IL	J15	800m	2.17,06	1021
Ulrik Andre Thunem	GFIL	G13	Diskos	40,15	1001
Amanda Rørvik	Førde IL	J15	2000m	6.45,76	1000

Notatar: